



Fiberkabelen vert fiska over Holmsund. Edmund Tofte og Gunnar Vaage er klar til å ta imot.

**Det vert i denne veka ført fiber fram til Holmen. Uskedalen.no fekk i går vera med på kabelstrek som både går i jord og i luft. Til no er det ein kunde som har tinga fiber på Holmen. Kabelen har kapasitet til å dekke 12 abonnentar. Kabelstrekket går over 750 meter og startar i ny nodestasjon ved Uskedal skule og går fram til eit koplingspunkt på Holmen. Kvinnherad Breiband brukar same taseen som for straum. Lågspennten til Holmen vart fornya for eit år sidan.**

Med kompressor og lufttrykk vert kabelen skoten fram gjennom røyr som ligg i bakken. Over Holmsund går kabelen i luft. Det er laga til tre stopp for uttak til hus og hytter. Utan båt, men med bruk av fiskestong, vert kabelen fiska over Holmsund frå eit punkt på Neset og fram til stolpe som står på eit lite skjer i sundet. Før det måtte all kabel dragast ut på bakken og gjerast klar for framføringa til abonnenten. Det må ikkje vera knekk på ledningen.



Jan Andre Revheim og Bengt Opsonger gjer klar for kabelstrekk til Holmen.

Med denne arbeidsoperasjonen har Holmen fått breiband med fiber for all tele-, TV og elektronisk kommunikasjon. Ein reknar med det kjem fleire brukarar til etterkvart.

Skorpo er også aktuell for fiber. Kabelen kan gå i sjø frå Holmen, men ein kan også bruka den nye traseen for høgspanten som kryssar Stosrund i sjøkabel frå Ljosnes til Eidsvik og vidare sørover Snilstveitøy til husa på Skorpo.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Med kompressor og lufttrykk vert kabelen skoten fram frå nodestasjon ved skulen til stolpe på Neset.